



ASakshandsamar: Terje Øvrebø
Telefon: 57 72 32 51
E-post: tov@fmsf.no

Vår dato
22.12.2009
Dykkar dato
14.09.2009

Vår referanse
2009/3945 - 422.0
Dykkar referanse

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Framlegg til verneheimel i jordlova - høyring

Vi viser til departementet si oversending av 14.09.2009.

Vedlagt følgjer Fylkeslandbruksstyret i Sogn og Fjordane si møtebok av 18.12.2009, sak nr. 30/2009.

NB

Vi gjer merksam på at møteboka inneholder både fylkesmannen og fylkeslandbruksstyret sine uttaler.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Terje Øvrebø
seniorrådgjevar

Vedlegg

MØTEBOK
FYLKESLANDBRUKSSTYRET I SOGN OG FJORDANE

Side 1

Saksnummer:	30/2009	Kommune:
Møtedato:	18.12.2009	Sakshandsamar: T. Øvrebø

Sak: Framlegg om verneheimel i jordlova - høyring

Landbruksdirektøren si saksutgreiing:

Bakgrunn

Ved skriv av 14.09.2009 til m.a. fylkeslandbruksstyra og fylkesmennene har Landbruks- og matdepartementet (departementet) bedt om uttale til sitt framlegg om ein verneheimel i jordlova. Departementet har utarbeidd eit høyningsbrev, som er dagsett 11.09.2009, og som byggjer på ein rapport utarbeidd av Statens landbruksforvaltning (SLF) på oppdrag frå departementet. Både brevet og rapporten ligg ved her, saman med eit utkast til ny lovtekst.

Bakgrunnen for framlegget om verneheimel er kort fortalt at regjeringa sitt mål for jordvernet m.a. er å halvere den årlege omdisponeringa av dei mest verdfulle jordressursane. Denne målsetjinga er motivert av det faktum at dyrka jord er ein ressurs som ikkje let seg fornye, samstundes som den er ein nødvendig føresetnad for at vi i framtida skal kunne produsere mat på eiga jord også her i landet. Meir detaljerte og vel funderte motiv går elles fram av så vel høyningsbrevet som SLF sin rapport.

Generelle merknader

For å oppnå dei ovannemnde måla meiner vi, til liks med departementet og SLF, at verneinstituttet er eit svært nærliggande og adekvat verkemiddel. I tillegg til den reitt faktiske effekten av eventuelle framtidige vernevedtak, vil innføringa av ein verneheimel gje dei mat- og førproduserande areala høgare status, og understreke at det her er tale om ein særskilt verdfull ressurs for samfunnet, så vel lokalt som i ein vidare samanheng. I det alt vesentlege sluttar vi oss såleis til dei synspunkt og vurderingar som motiverer departementet sitt framlegg om å innføre ein lovheimel for jordvern. Vi er også samde i at jordlova er rette staden å plassere eit slikt regelverk.

Areal som er eigna til matkornproduksjon har fått særleg merksemrd i utgreiingsprosessen. Dette gir uttrykk for ei differensiering i jordvernet ut frå arealkvalitet og vekstvilkår, noko vi finn rimeleg. Men vi merkar oss samstundes som positivt at det uttrykkeleg er sagt at også andre verdfulle produksjonsareal kan vurderast for vern. I vårt fylke er det som kjent ikkje nemnande kornareal (knapt 400 daa i følgje tilskotsstatistikken).

I all hovudsak kan vi også slutte oss til dei konkrete forslaga som framgår av underlagsmaterialet, så vel i SLF-rapporten som departementet sine utdjupingar og presiseringar. Vi vil likevel gå igjennom og kommentere dei ulike punkta i høyningsbrevet.

MØTEBOK
FYLKESLANDBRUKSSTYRET I SOGN OG FJORDANE Side 2

Saksnummer:	30/2009	Kommune:
Møtedato:	18.12.2009	Sakshandsamar: T. Øvrebø

Spesielle merknader

Departementet ber først om merknader til SLF sine framlegg og vurderinger.
 Desse er oppsummert slik:

"SLF foreslår at nye bestemmelser om jordvern tas inn i jordloven, og videre:

- *at Kongen i ny § 8b får myndighet til å gi verdifulle jordressurser varig vern som jordvernområder. Dette innebærer at jordbruksdriften i jordvernområdet i hovedsak fortsetter som før*
- *at adgangen til å omdisponere og fradele dyrka jord på eiendommer i jordvernområder blir innskrenket, jf forslag til ny § 8c. Det er foreslått endrede kriterier for dispensasjon (samt søknadsplikt også for omdisponering av dyrka jord til bl.a. driftsbygninger og gårds- og driftsveger)*
- *at myndigheten til å gi samtykke til omdisponering og deling i jordvernområdene plasseres hos Fylkesmannen. Statens landbruksforvaltning blir klagemyndighet*
- *at vernet skal gjelde verdifull dyrka jord. Arealenes kvalitet og egnethet i matproduksjon, særlig for matkorn, vil være et vesentlig kriterium, men også arealer til fôrproduksjon kan være aktuelle*
- *at arealene bør være av en viss størrelse og mest mulig sammenhengende*
- *at det settes i gang en prosess for å vurdere aktuelle jordvernområder i alle deler av landet når loven er trådt i kraft*
- *at verneprosesser deretter kan igangsettes for enkeltstående områder*
- *at Fylkesmannen fremmer forslag overfor SLF som deretter vurderer og avgjør hvilke konkrete områder som skal utredes for vern*
- *at det legges til rette for gode medvirkningsprosesser slik at grunneiere, planmyndigheter og andre får anledning til å uttale seg*
- *at de strengere bestemmelsene skal gjelde fra det tidspunkt SLF har fattet vedtak om oppstart av verneprosess*

SLF legger til grunn at vedtak om jordvern er en rådighetsregulering som i utgangspunktet må tåles erstatningsfritt. Det blir videre understreket i utredningen at forslaget ikke endrer betydningen av å opprettholde et sterkt jordvern også i områder som ligger utenfor jordvernområdene."

MØTEBOK

FYLKESLANDBRUKSSTYRET I SOGN OG FJORDANE

Side 3

Saksnummer:	30/2009	Kommune:
Møtedato:	18.12.2009	Sakshandsamar: T. Øvrebø

Etter det vi kan sjå er det materielle innhaldet i forslaga frå SLF vidareført i departementet sitt høyringsbrev, med unntak for det som er nemnt om frådeling, samt det siste kulepunktet om oppstartsvedtak og verknadene av dette.
Vi har ikkje særlege merknader til SLF sine framlegg, som vi finn velgrunna. Emna frådeling og oppstartsvedtak kjem vi tilbake til nedanfor.

Kva slags areal skal kunne vernast

Vi er samde med departementet i at arealkriteria bør lovfestast. Momenta som er nemnde i § 13 framstår i så måte som sentrale. Ytterlegare detaljering og eventuelle tolkingsspørsmål bør overlatast til forvaltnings- og eventuell domstolspraksis

Avveging mot andre samfunnsinteresser

Etter vårt syn ligg det i saka sin natur at ein monaleg del av arbeidet med ein eventuell verneprosess vil måtte gå ut på å vege verneomsyna mot andre sentrale samfunnsinteresser i ei eller anna form – uansett om ei slik vurderingsplikt er lovfesta eller ikkje. På den andre sida har vi ingen motførestillingar mot at plikta vert teken inn i lovteksten.

Tilhøvet til eksisterande løyver og vedtekne planer m.m.

Vi finn departementet sitt forslag, slik det er oppstilt i §13 fjerde ledd a-c, rimeleg og ballansert. Ut over det har vi ingen særlege merknader.

Verknaden av vernevedtaket – dispensasjon

Vi meiner at formuleringane i § 14 i utkastet er gode og tenlege, og at dei gjev uttrykk for kjernen i motiva bak forslaget om verneheimel: å sikre og ta vare på areala si mat- og fôrproduserande evne.

Kva gjeld dispensasjonskriteria vil vi likevel merke at uttrykket "ikkje stir mot føremålet med vernevedtaket" kanskje i seg sjølv verkar noko uklårt.

Eksemplifiseringa i høyringsbrevet gjev likevel bra rettleiing, og den bør vidareførast, eventuelt saman med ytterlegare konkretiseringar eller presiseringar i ein framtidig lovproposisjon. Likeins bør også framtidige førearbeid tydeleggjere innhaldet i kriteriet "samfunnsinteresser av særleg stor vekt".

Det bør elles gå svært klårt fram av regelverket at det skal vere langt strengare dispensasjonsvilkår i eit jordvernområde enn utanfor.

Endeleg er vi samde med departementet i at problemet verneheimelen skal avhjelpe er uheldige omdisponeringar av produksjonsareal. Frådelingar og eventuelle eigarskifte "til uendra bruk): som ikkje inneber omdisponering, utgjer ikkje i seg sjølv noko trugsmål mot areala si produksjonsevne.

Prosess

Dei generelle synspunkta om breie, grundige og opne medverknadsprosessar som både SLF og departementet legg opp til, kan vi utan vidare slutte oss til. Vi er likevel ikkje heilt sikre på kva departementet meiner når dei gjer framlegg om at "...påtenkt verneforslag kunngjøres når arbeidet med vern tar til." Kva tid er det her tale om? I

MØTEBOK

FYLKESLANDBRUKSSTYRET I SOGN OG FJORDANE

Side 4

Saksnummer:	30/2009	Kommune:
Møtedato:	18.12.2009	Sakshandsamar: T. Øvrebø

høyringsbrevet vert det varsle at det vil komme utfyllande retningsliner for sakshandsaminga. Då får vi truleg svar på dei fleste slike spørsmål.

Tiltak ved igangsett sakshandsaming, men før endeleg vernevedtak er fatta

I sin rapport går SLF inn for at det skal fattast eit eige vedtak om oppstart av ver neprosessen, og at dei strengare dispensasjonsreglane vert innført frå dette vedtakstidspunktet. Slik vil ein unngå uheldige omdisponeringar medan utgreiinga går føre seg.

Departementet ønskjer derimot at fylkesmannen skal bruke den nyleg innførte kontrollheimelen i jordlova § 3 til å halde oppsyn med kommunale vedtak i dei område som fylkesmannen utgreier for eventuelt vern. Uheldige vedtak kan då vurderast omgjort i medhald av forvaltningslova § 35.

Alternativt lanserer departementet ei ordning med mellombels vern i tråd med § 45 i naturmangfaldslova, eller ein heimel til utan vidare å kunne avslå søknader når verneforslag er kunngjort, jf § 44 i sistnemnde lov.

Etter vårt syn framstår SLF sitt forslag som ein brukande mellomveg. Departementet hevdar derimot at bruk av kontrollheimelen vil gjere det mogeleg å utsetje eller stanse uheldige omdisponeringar "på en mer hensiktsmessig måte". For oss er det vanskeleg å sjå at så er tilfelle. Ei slik ordning må bli meir arbeidskrevjande for alle partar og mindre førutseieleg. Skulle SLF-modellen vere problematisk av ein eller annan grunn, vil vi heller tilrå reglar om midlertidig vern, eller ein generell avslagsheimel, jf § 44 i naturmangfaldslova.

Landbruksdirektøren sitt framlegg til vedtak

Fylkeslandbruksstyret syner til merknadane frå landbruksdirektøren, og sluttar seg til desse.

Handsaming i styremøte

Styret drøfta saka.

Britt Dalsbotten meinte at jordlova allereie har sterke nok verkemidlar, og at omsynet til det lokale sjølvstyret tilsa at ein ikkje innfører ein slik verneheimel som det no er tale om.

Arve Mjømen sa seg samd med Dalsbotten, og saman gjorde dei slikt

framlegg til vedtak: FrP og Høgre går imot de foreslalte innstrammingene i jordloven som svekker grunneiers disposisjonsrett over egen eiendom og innskrenker lokale folkevalgtes beslutningsmyndighet i plan- og arealspørsmål.

FrP og Høgre mener at eiendomsretten bør styrkes ved at grunneier i større grad enn i dag skal kunne disponere over egen eiendom og at det skal være lokale folkevalgte som skal ha endelig beslutningsmyndighet i plan- og arealspørsmål for vedkomende kommune.

MØTEBOK
FYLKESLANDBRUKSSTYRET I SOGN OG FJORDANE **Side 5**

Saksnummer:	30/2009	Kommune:
Møtedato:	18.12.2009	Sakshandsamar: T. Øvrebø

Avrøysting

Landbruksdirektøren sitt framlegg fekk 4 røyster (Kjølsdal, Sp; Kvalen, Sp; Eide Kirketeig, Ap; Masdal Haugsvær, Krf).
Dalsbotten, Frp, og Mjømen, H, røysta for sitt eige framlegg.